

Fjordkysten Friluftsråd
Kommunehuset
6924 Hardbakke
org.nr. 918 552 537
Bank; 3847 07 01207

Sogn og Fjordane Fylkeskommune
Hovudutval for næring og kultur

Solund, 22.08.2018

Søknad om driftsstønad

Viser til vedtak 30.05.2017 i sak 32/17, der Sogn og Fjordane Fylkeskommune har ein intensjon om å støtte Friluftsråd med kr.100.000 i årleg driftsstønad og med kr.25.000 per kommune som vert medlem.

Fjordkysten Friluftsråd søker driftsstønad frå Sogn og Fjordane Fylkeskommune. Vi har lagt bak oss eit år med veksande aktivitet i organisasjonen og påtatt oss mange nye oppgåver. Fjordkysten Friluftsråd starta med 3 medlemskommunar. Vi er no 4 etter at Bremanger vart tatt opp, og innan utgangen av Oktober vil også Vågsøy vere tatt opp som medlem.

Dette fordrar meir reiseaktivitet og oppfølging som gjev større driftsutgifter med bil og båt. Det er heilt uråd for rådet å drifte utan å ha tilgang på båt. Vi får så mange oppgåver knytta til oppdrag og aktivitet i som krev bruk av båt. Det vere seg henteoppdrag av rydda avfall i øyane, båtvrak, kartlegging forureina område, kartlegging av område som kan vere aktuelle for tiltak og statlig sikring, strandrydding, transport av utstyr til friluftsskular m.m.

Fjordkysten Friluftsråd vil p.g.a oppdragsmengde og større geografisk utviding med nye medlemskommunar difor få auka driftsutgifter knytta til bruk evt. eige av arbeidsbåt, men også auka bruk av bil og offentleg kommunikasjon for å nå rundt til medlemskommunane.

Vi fekk i 2017 tildelt kr.175.000.

På grunnlag av utviding med snart 2 nye medlemskommunar slik at vi totalt blir 5 og auka aktivitet søker vi om driftsstøtte på kr.250.000,-.

Mvh

Bjarte Engevik

-dagleg leiar-

Fjordkysten Friluftsråd

bjarte@friluftsrad.no

www.fjordkystenfr.no

Tlf.99487500

